

RUNDSKRIV FOR TILSKOTSORDNING

Rundskriv nr. 04/2023

Tilskotsordning for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar for 2023 (INTEGRERINGSLOVA)

1. Innleiing

Rundskrivet er utarbeidd av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) og er basert på retningslinjer for tilskotsordninga på kap. 672, post 60, fastsett av Arbeids- og inkluderingsdepartementet 01.01.2023, i samsvar med § 8 i Reglement for økonomistyring i staten og kapittel 6 i Bestemmelser om økonomistyring i staten.

Tilskotsordninga skal bidra til overgangen til arbeid og/eller utdanning.

Integreringslova gjeld for personar som har fått innvilga opphaldsløyve etter at lova tredde i kraft.¹ Personar som har søkt om opphaldsløyve frå utlandet og fått innvilga opphaldsløyve før integreringslova tredde i kraft, men som kom til Noreg etter at integreringslova tredde i kraft, er også omfatta av integreringslova.²

Tilskotsordninga består av persontilskot og grunntilskot.

IMDI er ansvarleg for forvaltninga av tilskotsordninga.

2. Mål og målgruppe for tilskotsordninga

Persontilskotet skal bidra til at kommunar og fylkeskommunar gjennomfører opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar³, slik at dei lærer tilstrekkeleg norsk til å fungere i yrkes- og samfunnslivet. Tilskotet skal også gå til gjennomføring av prøver i norsk og samfunnskunnskap⁴. Prøver i norsk skal avviklast minimum to gonger i året. Prøver i samfunnskunnskap blir som hovudregel avvikla digitalt, og det må takast høgde for at kandidatane overheld eittårsfristen.⁵

Målet med grunntilskotet er å betre dei økonomiske rammevilkåra for små og mellomstore kommunar når det gjeld opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Tilskotsmottakarar for persontilskotet er kommunar og/eller fylkeskommunar, avhengig av kven som gjennomfører opplæringa⁶. Tilskotsmottakar for grunntilskot er kommunar.

For personar som er i målgruppa, og som bur i mottak, blir tilskotet utbetalt til vertskommunen for mottaket. For personar som er i målgruppa, og som ikkje bur i mottak, blir tilskotet utbetalt til bustadkommunen. For personar som er i målgruppa, og som deltar på fulltid i vidaregåande skole, viser vi til punkt 4.1.7. Det er den folkeregistrerte adressa til den enkelte personen som bestemmer kva som er bustadkommunen.

¹ Jf. integreringslova § 51.

² Jf. integreringsforskrifta § 72 første ledd.

³ Jf. integreringslova kapittel 6.

⁴ Jf. integreringslova § 37.

⁵ Jf. integreringsloven § 37 andre ledd.

⁶ Jf. Integreringslova § 30.

2.1 Målgruppe

Innvandrarar mellom 18 og 67 år som har eit av opphaldsløyva under,⁷ har rett og plikt til å delta i opplæring i norsk og samfunnskunnskap .

- opphaldsløyve som flyktning etter utlendingslova § 28
- opphaldsløyve etter innreiseløyve som overføringsflyktning etter utlendingslova § 35 tredje ledd
- fornybart opphaldsløyve etter utlendingslova § 38 første ledd på grunnlag av søknad om vern
- avgrensa opphaldsløyve som medlem av ein barnefamilie etter utlendingslova § 38 femte ledd bokstav a eller b. For denne gruppa er det eit krav at opphaldsløyvet er fornya.
- opphaldsløyve på grunnlag av kollektivt vern i ein massefluktsituasjon etter utlendingslova § 34⁸
- opphaldsløyve etter utlendingslova kapittel 6 som familiemedlem til personar som er nemnde i bokstav a til e, under føresetnad av at referansepersonen har vore busett i ein kommune i mindre enn fem år før det blir søkt om familiesameining
- fornybart opphaldsløyve etter utlendingslova § 53 første ledd bokstav b, andre eller tredje ledd
- andre opphaldsløyve som gir grunnlag for permanent opphold (med unntak av opphaldsløyve nemnt i § 28)

3. Kriterium for måloppnåing

Vaksne innvandrarar som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, oppnår norskmålet sitt og avlegg prøver.

4. Tildelingskriterium

Vilkår, berekningsreglar og informasjon om utbetaling av persontilskot (4.1) og grunntilskot (4.2).

4.1 Persontilskot

4.1.1 Vilkår for å få støtte

Basert på data i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) blir tilskotet utbetalt automatisk til tilskotsmottakarane.

For å motta tilskot må kommunen registrere i NIR at det er gjort vedtak om opplæring i norsk og samfunnskunnskap eller vedtak om fritak frå plikt. Kommunar må registrere i NIR dei deltararane som får norskopplæring i vidaregåande skole, for at tilskot for desse skal bli utbetalt til fylkeskommunen. Denne registreringa vil ligge til grunn for fordelinga av tilskotet mellom tilskotsmottakarane, jf. punkt 4.1.7. For personar som deltar i vidaregåande opplæring på fulltid, blir tilskotet utbetalt til fylkeskommunen.

Tildeling av opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og fritak frå plikt til opplæring, er eit enkeltvedtak, jf. integreringslova § 46 andre ledd bokstav a og b. Forvaltningslovens saksbehandlingsreglar kommer derfor til anvending, herunder reglane om forhåndsvarsling og veiledningsplikt, jf. fvl. §§ 16 og 17. Når kommunar skal fatte vedtak må dei sørge for at saka er opplyst så godt som mogleg, og dei skal sørge for at enkeltpersonar har hatt anledning til å uttale seg om saka før dei fattar vedtak, jf. fvl. §§ 16 og 17 og integreringslova § 30.

⁷ Jf. integreringslova § 27.

⁸ Sjå eiga retningslinje for tilskuddsordning for opplæring i norsk for vaksne personar med kollektiv vern etter § 37 d i integreringslova

4.1.2 Berekningsreglar

Inngangen til målgruppa etter integreringslova er ved innvilging av opphaldsløyve som gir rett og plikt til å delta i opplæring.

Inngangen til målgruppa er ved ankomst til landet for dei som får opphaldsløyve før innreise til Noreg. For personar som har eit avgrensa opphaldsløyve som medlem av ein barnefamilie er inngangen til målgruppa for tilskotet ved førstegongs fornying av opphaldsløyve.

For personar i målgruppa for rett og plikt til opplæring etter integreringslova vil ikkje fristen for gjennomføring av gratis opplæring bli avkorta dersom dei tidlegare har hatt eit opphaldsløyve som berre gir plikt til opplæring. I praksis inneber dette at dersom ein person som går frå plikt til rett og plikt, vil fristen for retten til opplæring bli berekna på det tidspunktet personen kjem inn i kategorien for rett og plikt.

Utbetaling av persontilskot skjer over maksimalt tre år. Tilskotet blir som hovudregel utbetalt i tre år, uavhengig av differensiering av gjennomføringsfrist.⁹ For personar som ikkje har rett til opplæring i meir enn 18 månader, vil resten av utbetalingsbeløpet for tilskotsperioden gå til kommunen som har siste gyldige vedtak om opplæring/fritak.

4.1.3 Utbetaling av persontilskot

For personar som kommer inn i målgruppa i 2023, blir persontilskotet for år 1 utbetalt. Tilskotet blir utbetalt tidlegast i kvartalet etter at personen kom inn i målgruppa. For personar som kom inn i målgruppa i 2022, blir det utbetalt persontilskot år 2 basert på bustad registrert i NIR 15. januar 2023.

Persontilskot har éin låg sats¹⁰ og éin høg sats¹¹ avhengig av kva land personen kjem frå. Tabellen under viser satsane for 2023. «Tilskotsår» indikerer året da personen kom inn i målgruppa.

SATSAR FOR PERSONTILSKOT FOR 2023

Tilskotsår	Låg sats	Høg sats
Persontilskot år 1 (2023)	16 100 kroner	38 100 kroner
Persontilskot år 2 (2022)	29 300 kroner	75 600 kroner
Persontilskot år 3 (2021)	18 400 kroner	52 100 kroner

Tabellen under viser planlagde utbetalingstidspunkt av tilskot i 2023:

⁹ Jf. § 32 første ledd.

¹⁰ Låg sats gjeld for personar frå Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand.

¹¹ Høg sats gjeld for personar frå Afrika, Asia, Oseania (bortsett frå Australia og New Zealand), Aust-Europa, Sør-Amerika og Mellom-Amerika.

UTBETALING AV PERSONTILSKOT I 2023

Tilskotsår	Tentativ utbetalingsdato*	Utbetalinga gjeld
Persontilskot	Veke 21	Nye personar i målgruppa og som er registrert med vedtak om opplæring i NIR for perioden 01.01.23–31.03.23
	Veke 33	Nye personar i målgruppa og som er registrert med vedtak om opplæring i NIR for perioden 01.04.23–30.06.23
	Oktober 2023	Nye personar i målgruppa og som er registrert med vedtak om opplæring i NIR for perioden 01.07.23–30.09.23
	Desember 2023	Nye personar i målgruppa og som er registrert med vedtak om opplæring i NIR for perioden 01.10.23–31.12.23

*Endringar kan førekomme, sjå IMDI.no.

Etter utbetaling av tilskot sender IMDI tilskotsbrev til det elektroniske postmottaket til tilskotsmottakaren. Kommunen kan også sjå detaljerte opplysningar om utbetalt tilskot i NIR.

4.1.5 *Opplæring skjer hos ein annan kommune enn bustedskommunen*

Ein person kan få opplæring i norsk og samfunnskunnskap i ein annan kommune enn bustadkommunen. Ansvar for å treffe vedtak om og sørge for opplæring, ligg hos kommunen der personen er folkeregistrert.¹² Tilskotet utbetales til bustedskommunen. Det er opp til kommunane å avgjere korlei tilskotet skal fordelast seg imellom.

4.1.6 *Deling av tilskot mellom kommunar ved flytting*

Dersom ein person som er i målgruppa, flyttar mellom kommunar, må vedkommande melde frå om flyttinga til Skatteetaten for at adressa skal bli oppdatert i Folkeregisteret. Tilskotet vil da bli delt mellom til- og fråflyttingskommunen. Personen har plikt til å melde frå om denne adresseendringa innan åtte dagar etter flyttinga.¹³

Tilskotet blir delt mellom til- og fråflyttingskommunen, basert på antal dagar personar har vore i kategori (målgruppe) i tilskotsåret. Fråflyttingskommunen får tilskot for dei dagane personen har vore i kategori i kommunen. Dei dagane personen ikkje har hatt kategori på grunn av at vedkommande kom seint inn i målgruppa år 1, vil gå til tilflyttingskommunen ettersom det er denne kommunen som vil gjennomføre den vidare opplæringa.

Formelen under viser berekninga av tilskot til ein kommune for tilskotsår :

$$\text{Tilskot til kommune} = \text{Sats for tilskotsår } i \times \frac{\text{Antall butidsdagar i kommune i tilskotsår } i}{\text{Sum antall dagar i tilskotsår } i}$$

Denne berekninga for deling av tilskot mellom kommunar ved flytting gjeld for persontilskot år 1, år 2 og år 3.

¹² Jf. integreringslova § 30

¹³ Jf. folkeregistreringslova § 6-1.

4.1.7 Deling av tilskot mellom kommune og fylkeskommune

Fylkeskommunen skal sørge for opplæring av personar i målgruppa som deltar på fulltid i vidaregåande opplæring etter opplæringslova.¹⁴ Deling av persontilskot mellom kommune og fylkeskommune vil skje på bakgrunn av kven som er ansvarleg for opplæringa. Av § 30 går det fram at det er kommunen som er ansvarleg for å gjere vedtak for målgruppa, uavhengig av kven som er ansvarleg for opplæringa, som nemnt i 4.1.1. Kommunen skal også registrere i NIR kva fylkeskommune opplæringa skjer i for at delinga av tilskotet skal foregå automatisk.

Formelen under viser berekninga av tilskot til fylkeskommunane for tilskotsår :

$$\text{Tilskot til fylkeskommune} = \text{Sats for tilskotsår i} \times \frac{\text{Antall dagar i fulltids vidaregåande skole i tilskotsår i}}{\text{Sum dagar i tilskotsår i}}$$

4.1.8 Tilskot ved utreise og tilskot ved tilbakekomst til landet

Dersom ein person i målgruppa flyttar frå landet, beheld kommunen tilskotet som er utbetalt det året personen forlét landet. Deretter stansar utbetalinga. Dersom den same personen seinare vender tilbake til landet, vil tilskotsordninga starte opp igjen dersom vedkommande framleis tilhøyrer målgruppa.

4.1.9 Tilskot ved dødsfall

Ved dødsfall beheld kommunen heile tilskotet som er utbetalt i dødsåret. Deretter stansar utbetalinga.

4.2 Grunntilskot

4.2.5 Vilkår for tildeling

Basert på data i NIR blir tilskotet utbetalt automatisk til kommuner.

For personar som er i målgruppa, og som bur i mottak, blir tilskotet utbetalt til vertskommunen for mottaket. For personar som er i målgruppa, og som ikkje bur i mottak, blir tilskotet utbetalt til bustadkommunen. Det er den folkeregistrerte adressa til den enkelte personen som bestemmer kva som er bustadkommunen.

Det er ikkje et krav om at vedtak må være registrert for å inngå i beregningsgrunnlaget for grunntilskudd.

4.2.6 Berekningsreglar

Inngangen til målgruppa etter integreringslova er ved innvilging av det opphaldsløyvet som gir rett og plikt til deltaking.

Inngangen til målgruppa er ved ankomst til landet for dei som får opphaldsløyve før innreise. For personar som har eit avgrensa opphaldsløyve som medlem av ein barnefamilie eller som einsleg mindreårig, er inngangen til målgruppa for tilskotet ved førstegongs fornying av opphaldsløyvet.

Ein person kan vere med i berekninga av grunntilskot i maksimalt tre år.

Det er ikkje krav om at eit vedtak må vere registrert, for å inngå i beregningsgrunnlaget for grunntilskot.

4.2.7 Utbetaling av grunntilskot

Kommunar med 1–150 personar i målgruppa per 15. januar 2023 vil få utbetalt grunntilskot.

Utbetalinga skjer årleg og vil i 2023 bli utbetalt i veke 3. Grunntilskotet har to satsar – éin høg sats som blir utbetalt til kommunar med 4–150 personar i målgruppa, og éin låg sats som blir utbetalt til kommunar med 1–3 personar i målgruppa. Målgruppa utgjer summen av deltakarar etter begge lovverka. Sjå tabellen under for årets satsar.

¹⁴ Jf. integreringslova § 30.

SATSAR FOR GRUNNTILSKOT FOR 2023

Tilskotsår	Låg sats	Høg sats
Grunntilskot	224 100 kroner	665 300 kroner

Etter utbetaling av grunntilskot sender IMDi tilskotsbrev til det elektroniske postmottaket til kommunen. Kommunen kan også sjå opplysningar om utbetalt tilskot i NIR.

5. Oppfølging og kontroll

Opplysningar som er nødvendige for å gjennomføre, følge opp og evaluere opplæring i norsk og samfunnuskunnskap i samsvar med integreringslova, skal registrerast av kommunen i NIR.¹⁵ I tilhøyrande forskrifter er det fastsett kva for opplysningar kommunen skal registrere. Kommunen skal registrere desse opplysningane innan to månader.

Kommunen skal ikkje legge fram ein særskild rekneskap for tilskot til opplæring i norsk og samfunnuskunnskap for vaksne innvandrarar. Dersom kommunen gjennomfører opplæringa til ein lågare kostnad enn det tilskotet dei har mottatt, kan kommunen behalde tilskotet.

IMDi og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane blir brukte etter føresetnadane.^{16 17}

6. Feilaktige utbetalinger

Dersom ein kommune har fått utbetalt for mykje i tilskot, kan IMDi krevje tilbakebetalt det overskytande beløpet i tråd med ulovfesta reglar om *condictio indebiti*. IMDi har rett til å motrekne det overskytande beløpet med nye utbetalinger av tilskot til kommunen.

7. Klagereglar

IMDis tildeling av tilskot i samsvar med denne tilskotsordninga er ikkje å rekne som enkeltvedtak¹⁸. Det vil seie at føresegnene i forvaltningslova kapitla IV til VI ikkje kjem til bruk.¹⁹ Kommunane og fylkeskommunane har derfor ikkje klagerett. Elles gjeld reglane i forvaltningslova, for eksempel reglar om habilitet og alminnelege reglar om saksbehandlinga.

8. Foreldingsfrist

Når eit tilskotskrav er forelda, taper kommunen retten til å krevje tilskotet utbetalt.²⁰ Den alminnelege foreldingsfristen er tre år rekna frå det tidspunktet kommunen tidlegast har rett til å krevje å få tilskotet utbetalt.²¹

Dersom IMDi har eit forelda tilbakebetalingskrav mot kommunen, vil det forelda kravet kunne motrekna med nye utbetalinger.²²

9. Kontakt IMDi

Dersom ein tilskotsmottakar meiner å ha krav på tilskot, men ikkje fått det utbetalt, kan tilskotsmottakare melde frå om det til IMDi via Kontaktsenter for IMDinett. Fylkeskommunane må

¹⁵ Jf. integreringslova § 43.

¹⁶ Jf. løvingsreglementet § 10 andre ledd.

¹⁷ Jf. riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

¹⁸ Jf. forvaltningslova § 2

¹⁹ Jf. forvaltningslova § 3

²⁰ Jf. foreldingslova § 24.

²¹ Jf. foreldingslova §§ 2 og 3 nr. 1.

²² Jf. foreldingslova § 26 bokstav b.

ta kontakt med bustadkommunen til deltagaren dersom dei meiner å ha krav på tilskot som dei ikkje har fått.

Eventuelle spørsmål kan også meldast til IMDi i supportsystemet [Kontaktsenter for IMDinett](#).